



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

TILSYNSRAPPORT

Forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing

Forsand kommune – Forsand skule

22.03.16

Innhald

1. Innleiing	3
2. Om tilsynet med Forsand kommune – Forsand skule	3
2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular	3
2.2 Føremålet med tilsynet	3
2.3 Om gjennomføringa av tilsynet	3
2.4 Gangen i tilsynet	3
3. Skulen skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing	4
3.1 Rettslege krav	4
3.2 Forsand kommune si utgreiing	4
3.3. Fylkesmannen si vurdering.....	5
3.4 Fylkesmannen sin konklusjon	5

1. Innleiing

Fylkesmannen opna 27.01.15 tilsyn med Forsand skule sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, og skulen sin forvaltningskompetanse.

Fylkesmannen utvida 01.02.16 tilsynet til også å gjelde kravet om at *kvar skule skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing*, jf. § 9-1 i opplæringslova.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for denne førebelse tilsynsrapporten.

Tilsynet avdekte lovbro. Dette gjekk fram av den førebelse tilsynsrapporten. Forsand kommune fekk i den førebelse tilsynsrapporten førehandsvarsle om at Fylkesmannen kunne vedta å påleggje kommunen retting av lovbroa, jf. forvaltningslova § 16.

Forsand kommune kommenterte 18.03.16 den førebelse tilsynsrapporten, og Fylkesmannen har no utarbeidd endeleg tilsynsrapport.

2. Om tilsynet med Forsand kommune – Forsand skule

2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som skuleeigar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd. Fylkesmannen sitt tilsyn på opplæringsområdet er tilsyn med det som er lovpålagt, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannen sitt tilsyn med offentlege skular er utøving av mynde, og skjer i samsvar med reglane i forvaltninga.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, blir dette sett på som lovbro, uavhengig av om det er opplæringslova eller forskrifter fastsette i medhald av denne lova som er brotne.

2.2 Føremålet med tilsynet

Føremålet med tilsynet er å kontrollere om ATO-avdelinga ved Forsand skule er organisert på ein slik måte at ho er i samsvar med krava i § 9-1 i opplæringslova.

2.3 Om gjennomføringa av tilsynet

Utvidinga av tilsynet med Forsand kommune vart opna gjennom brev datert 01.02.16. Fylkesmannen har med heimel i kommunelova § 60 c bedt kommunen om ei skriftleg utgriking med tilhøyrande dokumentasjon om korleis ATO-avdelinga ved Forsand skule er organisert.

Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er baserte på skriftleg dokumentasjon innhenta i tilsynet.

2.4 Gangen i tilsynet

01.02.16 Utviding av tilsynet

26.02.16	Frist for innsending skriftleg utgreiing og dokumentasjon
14.03.16	Førebels tilsynsrapport og varsel om pålegg
23.03.16	Frist for å gi merknader til varsel og førebels rapport
22.03.16	Endeleg tilsynsrapport

3. Skulen skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing

3.1 Rettslege krav

Av § 9-1 i opplæringslova går det fram at kvar skule skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing. Vidare går det fram at opplæringa i skulen skal leiaast av rektor, og at rektor skal halde seg fortruleg med den daglege verksemda i skulen og arbeide for å vidareutvikle verksemda.

3.2 Forsand kommune si utgreiing

Forsand kommune skreiv i si utgreiing at det hausten 2014 vart gjort eit vedtak om å omorganisere ATO-avdelinga med verknad frå 01.10.2014. Fram til den nemnde datoен var leiaren for ATO-avdelinga underlagt rektor på Forsand skule. Etter denne datoen blei ATO-avdelinga organisert saman med AVL (avlastningsbustaden), og leiar for avdeling funksjonshemma blei felles leiar for ATO og AVL. Forsand kommune skreiv vidare at *med verknad frå 01.01.15 vart denne eininga skilt ut som eigen seksjon likestilt med skulen og familieseksjonen.*

Av kommunen si utgreiing gjekk det fram at det prinsipielt nye frå 01.10.14, var at *rektor ikkje lenger hadde styringsrett over dei tilsette*, med unnatak av *spes.ped.kompetansen som vert handtert ved tilsette frå skulen.*

Forsand kommune peikte i si utgreiing på at *praksis for tenesteytinga ved ATO har heile tida vore at rektor utformar vedtak med heimel i opplæringslova og utformar IOP for den enkelte, og at rektor sikrar ved ansvarsgruppemøte og ved årsrapportar at praksis er i samsvar med vedtak.* Kommunen skreiv også at *rådmannen vurderer difor at rektor hadde og har ei forsvarleg leiing av det faglege og pedagogiske innhaldet i opplæringa.*

Det gjekk også fram av utgreiinga at *rådmannen har nå kome til.....at vedtaket frå hausten 2014 vert omgjort, og at ATO-avdelinga vert med verknad frå 01.08.2016 organisatorisk lagt under rektor.* Kommunen opplyste også om at rektor skulle gjennomføre medarbeidarsamtale med alle tilsette på ATO-avdelinga våren 2016, og at rektor frå våren 2016 ville *vere inkludert ved tilsettingar ved ATO-avdelinga.*

Fylkesmannen peikte i den førebelse tilsynsrapporten på at frå og med 01.10.14 har leiinga av ATO-avdelinga ved Forsand skule vore organisert på ein måte som ikkje er lovleg. Det blei også streka under at Fylkesmannen ikkje kunne akseptere at ei lovleg organisering av leiinga av ATO-avdelinga skulle vente til 01.08.16.

Forsand kommune skreiv i si tilbakemelding på den førebelse tilsynsrapporten at *communen tek signala frå Fylkesmannen til etterretning, og at ATO-avdelinga vert organisatorisk knyttta*

til Forsand skule og lagt inn under rektor fagleg, pedagogisk og administrativt med verknad fra 01.04.2016. Vidare skreiv Forsand kommune at informasjon om denne endringa vil bli gitt tilsette og brukarar/føresette innan 01.04.

3.3. Fylkesmannen si vurdering

Forsand kommune har i si tilbakemelding på den førebelse tilsynsrapporten informert Fylkesmannen om at ATO-avdelinga ved Forsand skule vil bli *lagt inn under rektor fagleg, pedagogisk og administrativt med verknad fra 01.04.2016*. Fylkesmannen si vurdering er at ATO-avdelinga frå og med 01.04.14 vil vere organisert i samsvar med krava i § 9-1 første ledd.

3.4 Fylkesmannen sin konklusjon

Forsand kommune har omgåande retta lovbrotet som førte til at Fylkesmannen 14.03.16 varsla pålegg om retting. Fylkesmannen avsluttar derfor utvidinga av tilsynet som vart opna gjennom brev datert 01.02.16.

Stavanger 22.03.16

Hjalmar Arnø
tilsynsleiar

Hanne Sørli Ronæss
seniorrådgivar

Monica Mannes
rådgivar